

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Quality hotell, Florø
Dato: 01.12.2020
Tidspunkt: 12:30 – 15:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jacob Andre Telvik Nødseth	Leiar	Kinn
Irene Storøy	Nestleiar	Bremanger
Janne Marie Solheim	Medlem	Gloppen
Åsmund Berthelsen	Medlem	Vestland

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 20/20	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 6/20	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2020		2019/10793
RS 7/20	Ålfotbreen landskapsvernområde - Status på tiltak og bruk av tiltaksmidlar i 2020		2019/4056
ST 21/20	Eventuelt		
ST 22/20	Ålfotbreen landskapsvernområde - Platting ved Gjegnabu - Flora turlag		2020/14455
ST 23/20	Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om å bygge platting ved hytte på Grøndalsstøylen		2020/17141
ST 24/20	Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2021		2019/2582
ST 25/20	Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar for 2021		2019/4056

ST 19/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 01.12.2020

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

ST 20/20 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 01.12.2020

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte 3/2020 vert signert

Vedtak

Protokoll frå styremøte 3/2020 vart signert av alle styremedlemmene.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	6/20	01.12.2020

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2020

Delegert sak

Flora turlag fekk i oktober løyve til å frakte forsyningar til Gjegnabu med helikopter.

Mast ved Kvanbotnfjellet

Statnett har no fjerna mast og batteri som dei har hatt ståande ved Kvanbotnfjellet/Gråegga, som ikkje lenger er i drift. Rapport frå statnett ligg vedlagt.

Korona

Korona pregar framleis heile samfunnet som det har gjort i 2020. Forvaltninga av verneområdet og arbeidskvardagen til forvaltar og naturoppsyn går likevel omtrent som normalt no. Dei møta vi har er som regel sopass små at vi klarar å gjennomføre dei med smittevernstiltak når det er fornuftig og ønskjeleg med fysisk møte. Ein del møte vert og gjennomført digitalt, og det fungerer fint.

Driftsbudsjett for styret

Vi hadde 120.000 på driftsbudsjettet til styret i 2020. Per 23.11.20 har vi eit forbruk på 121.258, og då har vi ikkje fått med kostnadane til dette møtet. Vi har altså gått ut over budsjettet i år. Det er ikkje noko dramatisk i det, for vi kan overføre frå andre styre som har underforbruk. Men vi må ha det i tenkane til seinare.

Det er nok fleire grunnar til at vi no går ut over budsjettet. Kompetanseprogram i Balestrand og god oppslutning frå styret der, innkjøp av jakker til styret og utgifter til å dekke arbeidsforteneste. Vi bør ta med oss erfaringane frå 2020 når vi skal sette opp budsjett for 2021.

Styret tok orienteringssakene til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	7/20	01.12.2020

Ålfotbreen landskapsvernområde - Status på tiltak og bruk av tiltaksmidler i 2020

Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidler Ålfotbreen 20.11.2020

Status

Alle tiltak som skal gjerast ute i felt er enten ferdig eller avslutta for i år. Nokre er på årets budsjett og vert betalt på midlar for i år, men vert utført eller gjort ferdig til neste år.

Vi ventar framleis på eit par fakturaer som er avtalt, men som ikkje er komne inn enno. Når dei er betalt har vi brukt knappe 300.000 av dei 400.000 som vi fekk tildelt i tiltaksmidler for 2020. Underforbruket er meldt inn til Miljødirektoratet. Det er ganske vanleg å ha noko underforbruk på tiltaksmidler.

Vi er godt nøgde med det arbeidet som er utført i felt i år. Både gjennom tjenestekjøp, gjennom samarbeid med eksterne og det som naturoppsyn eller forvaltninga sjølv har gjort.

Sjå vedlagt oversikt for meir konkrete tal og status på kvart enkelt tiltak.

Styret tok orienteringa til vitande

ST 21/20 Eventuelt

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 01.12.2020

Ingen saker

Arkivsaksnr: 2020/14455-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 15.10.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	22/20	01.12.2020

Ålfotbreen landskapsvernområde - Platting ved Gjegnabu - Flora turlag

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 01.12.2020

Vedtak

Flora turlag får løyve til å bygge platting ved døra på Gjegnabu. Plattingen kan vere inntil 2 m x 1,5 m. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Flora turlag får løyve til å bygge platting ved døra på Gjeugnabu. Plattingen kan vere inntil 2 m x 1,5 m. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om oppføring av platting ved Gjeugnabu frå Flora turlag
- Verneforskrift for Ålfotbreen LVO

Søknaden

Flora turlag gjorde noko oppgradering på Gjeugnabu i 2019. Det vart sett i ei ny dør både for å forbetre funksjonalitet og tryggleik knytt til bruk og overnatting i hytta, særleg vinterstid.

Utanfor døra vart det eit høgt trinn ned. Den som sette i døra fann det naudsynt å bygge ein platting her for å unngå uhell. Det vart derfor bygd ein platting på 2 m x 1,5 m. Bilete vedlagt til søknaden syner plattingen.

I ettertid har verneområdeforvaltninga informert Flora turlag om at tiltaket er søknadspiktig og bede dei om å søke i etterkant. Flora turlag søker derfor om løyve til oppføring av platting ved Gjeugnabu.

Regelverk

Inngrep i landskapet er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1 . Forbodet inkluderer ombygging eller utviding av bygningar. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til ombygging, utviding eller oppføring av bygg og anlegg til visse føremål, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.3 a) og c) :

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

a) ombygging og utviding av eksisterande bygningar

[...]

c) oppføring av naudsynte nybygg og anlegg i samband med landbruk, turlags-verksemd og oppsyn som ikkje er i strid med verneformålet. Nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk, og det er eit vilkår at det ikkje er andre bygningar i området som kan oppgraderast og nyttast til same føremål

Denne søknaden kan handsamast både etter punkt a og punkt c. Eg finn det mest naturleg å handsame søknaden etter punkt c, sidan turlagsverksemd er nemnt spesifikt og sidan plattingen vart bygd fordi den vart vurdert som naudsynt i samband med turlagsverksemda.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Flora turlag og dei andre turlaga si verksemd i Ålfotbreen LVO er viktig. Både dei merka stiane, dei organiserte turane og ikkje minst hyttene er viktige bidragsytarar for at friluftinteresserte får gode opplevingar i verneområdet. I besøksstrategien er det slått fast at den fysiske infrastrukturen skal ha god kvalitet og bidra til trygg ferdsel. Forvaltninga har som praksis å kome ønskja og behova til turlaga i møte so langt det er fagleg forsvarleg og innanfor rammene til verneforskrifta.

Gjegnabu er plassert på berg. Det er ikkje planert ut tomt eller murt grunnmur. Hytta står på pålar, og so det murt opp med stadeigen stein mellom pålane. Der kor den nye døra er sett inn, er det om lag ein halv meter ned på fjellet. Her var det derfor uansett behov for ei trapp eller liknande for å få til ein trygg og fornuftig bruk av døra.

Sjølve utforminga av plattingen er pent utført. Den er ganske liten, ikkje større enn den treng vere for å fungere som den er tenkt. Plattingen fungerer som tilkomst til døra, og er ikkje ein platting som man oppheld seg på. Det er eit krav i forskrifta at anlegg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk. Her er det ikkje andre bygningar enn Gjegnabu, so den definerer sånn sett byggeskikken. Hytta har ein enkel og funksjonell stil, og slik sett er plattingen heilt i tråd med det. Den har enkelt preg og rette vinklar og linjer, på same måte som hytta.

Plattingen vart bygd utan at det vart søkt om det. Det er viktig å presisere at tiltak som er søknadspliktige skal søkjast om på førehand. Plattingen er eit «anlegg» eller ein «innretning», og det å bygge ein platting i tilknytning til ein bygning inneber dessutan ei utviding av det bygde arealet (BYA). Det er likevel eit poeng at platting ikkje er nemnd konkret verken i verneforskrift eller i forvaltningsplan. Det er derfor forståeleg at tiltakshavar ikkje har vore kjend med at tiltaket var søknadspliktig. Tiltaket er vel utført og ut i frå bileta som verneområdeforvaltar har sett er det rydda pent opp etter arbeidet. Nml §§ 11 er derfor ikkje aktuell.

Det bør og presiserast at det å sette i den nye døra, og er eit søknadspliktig tiltak. Sette i ei ny dør fører til endring av fasaden, og i følge forvaltningsplanen er det då innanfor definisjonen av «ombygging». Dette vart informert om og tatt opp med Flora turlag i 2019, etter at døra var sett i. Verneområdeforvaltar reknar den saka for å vere «sjekka ut» med turlaget, og forventar at liknande tiltak vert søkt om seinare.

Forvaltninga kjenner både Gjegnabu og området rundt godt. Flora turlag har bidrege med nyttig kunnskap kring tiltaket og behovet for tiltaket, og kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er solid. Tiltaket er lite i omfang, og vil ikkje føre til noko belastning på naturmiljøet. Det er særst få bygningar generelt i Ålfotbreen LVO, og berre to turlagshytter. Effekten av ein eventuell presedens vil vere særst avgrensa, og den samla belastninga på økosystemet av dette og eventuelle framtidige inngrep vil og vere særst liten. Nml § 10 er derfor vurdert.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 12 er ikkje aktuelle i saka.

Det er heimel i forskrifta til å gje løyve til denne plattingen. Føremålet med den er både naturleg og forståeleg, og det er eit lite tiltak. Plattingen er tilpassa landskap og byggeskikk, og det er ikkje venta nokon negative verknader på økosystem eller naturmiljø som følgje av plattingen. Verneområdeforvaltar vurderer det derfor slik at det er tilrådeleg å gje løyve til plattingen.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	23/20	01.12.2020

Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om å bygge platting ved hytte på Grøndalsstøylen

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 01.12.2020

Vedtak

Terje Johansen får løyve til å bygge platting på sørsida av hytta på Grøndalsstøylen i Kinn kommune. Plattingen skal vere i tråd med skissene som er lagt ved søknaden. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Plattingen skal ligge laust på bakken, og den skal ikkje hevast over terrenget.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommune og grunneigar.
- Når tiltaket er ferdig skal det sendast rapport til verneområdeforvaltar med bilete som dokumenterer tiltaket og at det er i tråd med løyvet.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet.

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Terje Johansen får løyve til å bygge platting på sørsida av hytta på Grøndalsstøylen i Kinn kommune. Plattingen skal vere i tråd med skissene som er lagt ved søknaden. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Plattingen skal ligge laust på bakken, og den skal ikkje hevast over terrenget.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommune og grunneigar.
- Når tiltaket er ferdig skal det sendast rapport til verneområdeforvaltar med bilete som dokumenterer tiltaket og at det er i tråd med løyvet.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om platting ved hytta på Grøndalsstøylen
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde

Søknaden

Terje Johansen og familien eig ei hytte som ligg på Grøndalsstøylen i Kinn kommune. Hytta har blitt restaurert og utvida siste par åra, etter at dei fekk løyve til å utvide den frå verneområdestyret. Der har dei no bygd ein platting framfor hytta, og dei søker no om løyve til å la denne bli liggande.

Før dei bygde plattingen, undersøkte dei i verneforskrift og i forvaltningsplan om der stod noko om platting. Det fann dei ikkje, og dei handla derfor i god tru då dei bygde plattingen. Bygginga var innanfor regelverket til Kinn kommune.

Plattingen er 5,8 m brei, og stikk 3,5 m fram frå kortenden på hytta. Den er skrå på dei eine hjørnet, tilpassa terrenget, og derfor ikkje heilt rektangulær. Grunna denne tilpassinga er det ikkje heilt enkelt å rekne ut arealet nøyaktig, men den er på om lag 16 kvadratmeter. Plattingen ligg laust på bakken og er ikkje festa i konstruksjonen til hytta. Den er ikkje bygd opp frå bakkeplan. Rundt plattingen er det lagt stein som skjuler plattingen frå sidene.

Regelverk

Det står ikkje noko om platting i verken verneforskrifta eller i forvaltningsplanen. Derimot står dette i verneforskrifta § 3 pkt 1.1 (mi understreking):

1.1 Området er verna mot alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller påverke landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta sine punkt 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar, anlegg og varige eller midlartidige innretningar, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil, og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, rydding av ny beitemark, bakkeplanering, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, flatehogst, planting av andre treslag enn dei som naturleg veks i området, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Vi må kunne slå fast at ein platting fell innanfor definisjonen for «varige eller midlertidige innretningar» og derfor er omfatta av forbodet.

I verneforskrifta er det opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ein del inngrep og tiltak, men platting er ikkje nemnt der. Ingen av dei andre heimlane til å gje løyve er dekkande for tiltaket heller og kan derfor ikkje nyttast. Denne saka må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48, første ledd:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Det er her første alternativ (mi understreking) som er aktuell å bruke. I saker der nml § 48 vert brukt, må vi først vurdere kor vidt kravet i paragrafen faktisk er oppfylt. Dersom det er det kan ein so gjere ei fagleg vurdering om kor vidt det er tilrådeleg å gje løyve. I tillegg skal alle saker som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12 (jamfør nml § 7).

Tiltak må og vere i tråd med eventuelle kommunale reglar. Her opplyser søkjar om at plattingen er bygd i tråd med regelverket til Kinn kommune, og vi går derfor ut i frå at det stemmer.

Sidan hytta ut i frå det som eg kan sjå ligg på eit feste, og ikkje ein eigen eigedom, går vi ut i frå at grunneigar må godkjenne tiltaket. Dette er søkjar sitt ansvar.

Vurdering

I saker som vert handsama etter nml § 48 må ein som sagt først vurdere om vilkåra for å bruke paragrafen er til stades. Dei vilkåra er at ein berre kan gje dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje påverkar verneverdiar nemneverdig. Først må vi då sjå til kva som er føremålet med vernet. Landskapsvernområde generelt har det føremål å ta vare på «landskapetets art og karakter». I tillegg har alle verneområde ei verneforskrift der det står ein føremålsparagraf. Her er det som står i føremålsparagrafen i verneforskrifta til Ålfotbreen:

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med vernet er å:

- *Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.*
- *Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskaps-formene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høg fjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.*
- *Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.*

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Ein liten platting i tilknytning til ei eksisterande hytte er ikkje i strid med nokon av momenta i verneføremålet for Ålfotbreen. Den vil heller ikkje verke inn på landskapets art og karakter. Forvaltninga kjenner heller ikkje verneverdiar i umiddelbar nærleik til hytta som kan verte påverka av tiltaket. Eg vurderer det derfor slik at vilkåra i nml § 48 er oppfylt, og eit eventuelt løyve kan gjevast med heimel i nml § 48, dersom forvaltningsstyresmakta finn det fagleg tilrådeleg.

Når man har ei hytte, uansett om den ligg i verna område eller ikkje, so er det forståeleg at man ønskjer å legge til rette for bruken av hytta. Man vil ha gode og tenlege løysingar både i og utanfor sjølve hytta. Veldig mange har platting ved hyttene sine, for å få eit tenleg uteområde kor man kan ha enkle møblar, grille, slappe av osv. Rundt hytta på Grøndalsstøylen er det småkupert og ein del stein, og ikkje særleg med tilrettelagt uteområde. Ønsket om å bygge platting er derfor forståeleg.

Kunnskapsgrunnlaget som ligg bak saksutgreiinga bygger på søknaden og dei skissene som er lagt ved. Forvaltar har dessutan vore på staden både før og etter at plattingen vart bygd. Det har og tidlegare vore handsama søknad om utviding av hytta, og forvaltninga er kjent med både hytta og området gjennom det. Kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande jamfør nml § 8.

Sjølv om hytta ligg på Grøndalsstøylen, so er det ikkje eit typisk sel. Hytta er ei «Ål-hytte», som er ein type modulhytte med ein litt eigen og gjenkjenneleg arkitektur. Her er ikkje andre hytter som står att på Grøndalsstøylen, og det er derfor berre denne hytta som kan definere ein lokal byggeskikk. Om ein skal prøve å definere nokon felles byggeskikk for heile Ålfotbreenområdet, so må det vere at bygga er funksjonelle. Ein kan derfor ikkje seie at tiltaket er i strid med lokal byggeskikk.

Denne hytta har nettopp blitt utvida. Utvidinga vart søkt om og fekk løyve etter handsaming i verneområdestyret. Tilbygget inneber ei maksimal utviding av arealet på hytta ut i frå dei retningslinjene i forvaltningsplanen som er lagt til grunn. Ein platting er ikkje utviding av hytta og dermed ikkje regulert av desse retningslinjene. Ein bør likevel sjå slike installasjonar og utvidingar i samanheng. Der bør kanskje vere ei grense for kor mykje ein skal tillate av søknadspliktige konstruksjonar og nedbygging rundt ei hytte i eit verna område.

Sjølv tiltaket er lite i omfang og påverknad. Det er ikkje mange kvadratmeter det er snakk om, i eit stort landskap og eit stort verneområde. Plattingen ligg på bakkenivå og er ikkje heva frå terrenget. Den ligg «laust» på bakken og den er ikkje ein del av konstruksjonen eller fundamentet til hytta. Plattingen kan ganske enkelt fjernast og tiltaket er soleis reversibelt. Plattingen er skjerma av stein rundt, slik at den berre er synleg om man kjem heilt inn til hytta.

Ålfotbreen verneområdestyre har handsama særst få byggesaker tidlegare. Årsaka til det er nok ganske enkel, her er berre 8 bygningar i verneområdet. Det betyr at vi har lite eller ingen forvaltningspraksis å støtte oss på. Styret har ikkje handsama saker som handlar om platting tidlegare, før det no på styremøte 4/2020 skal handsamast to saker om platting.

Ein må alltid vurdere presedensverknad av dei vedtaka eit forvaltningsorgan skal gjere, og særleg bygge- og inngrepssaker. Naturmangfaldlova § 10 set og krav om vurderingar kring samla belastning av både det omsøkte tiltaket og andre tilsvarande tiltak som kan kome seinare. Derfor er presedensverknaden av vedtaket viktig å vurdere. Dersom ein gjev løyve til å bygge plattingen må andre rekne med å få løyve i tilsvarande saker seinare. Likeins vil eit avslag og legge føringar for seinare handsaming av liknande saker. Som sagt tidlegare er det særst få bygningar i Ålfotbreen landskapsvernområde. Og blant dei bygningane er dette den einaste private «vanlege» hytta. Dei andre bygningane er turlagshytter, støyshus eller tilknytt bremålingane til SFE og NVE. Presedensverknaden av denne saka vil derfor vere ganske liten.

Som sagt so er plattingen allereie bygd. Sidan det ikkje står noko om platting i verneforskrift eller forvaltningsplan so gjekk hytteeigarane ut i frå at det ikkje var søknadspliktig. Det er forståeleg å gjere ein slik feil, og det skal ikkje ha betydning for sakshandsaminga. Sidan plattingen ligg laust på bakken og ikkje har ført til inngrep so kan den fjernast utan spor. Saka vert derfor handsama som om plattingen ikkje er bygd.

Det er mange moment å vurdere i denne saka, og ei heilskapleg vurdering for og i mot skal resultere i ei innstilling om enten eit løyve eller avslag. Moment som taler for eit løyve er at det er eit relativt lite tiltak og at det dessutan er reversibelt. Tiltaket kan ikkje seiast å verke inn på landskapets art og karakter, som er det sentrale i eit landskapsvernområde. Plattingen er ikkje i strid med lokal byggeskikk og den vil ikkje skape nokon problematisk presedens.

Moment som taler for eit avslag er at området i utgangspunktet er verna mot inngrep og byggeverksemd. Saka er handsama etter naturmangfaldslova § 48 og den heimelen skal berre brukast unntaksvis. Det er og eit moment at platting ikkje er naudsynt for bruken av hytta og at det bør vere ei grense for kor mykje ein kan tillate av utvidingar og tilrettelegging rundt ei hytte i eit verneområde.

Det er ikkje ei enkel sak for verneområdeforvaltar å konkludere i og kome med ei innstilling. Her er det gode argument både for løyve og avslag. Det avgjerande momentet for min del er at tiltaket ikkje verkar inn på landskapets art og karakter. Eg har sett i klagesaker i landskapsvernområde som har blitt avgjort i høgare instansar at det er eit avgjerande moment. Eg landar derfor under tvil på å innstille på å gje løyve til tiltaket.

Etter utviding av hytta og bygging av denne plattingen bør det no settast strek og ikkje opnast for meir utbygging i tilknytning til denne hytta.

Naturmangfaldlova §§ 9, 11 og 12 er ikkje relevante i saka.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	24/20	01.12.2020

Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2021

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 01.12.2020

Vedtak

Styret sette desse føresetnadane for driftsbudsjettet i 2021:

- Styret legg opp til fire fysiske styremøte
- Styret legg opp til ein eller to synfaringar i samband med styremøta
- Det må takast høgde for dekking av tapt arbeidsforteneste i samband med møter, nasjonalparkkonferanse og andre aktivitetar knytt til styreverva.

Verneområdeforvaltar set opp eit budsjett basert på desse føresetnadane og kjende satsar for reise og møte, og sender budsjettet til Miljødirektoratet som søknad om driftsmidlar.

Dokument i saka:

- Framlegg til driftsbudsjett for Ålfotbreen vo-styre 2021
- Vedtekter for Ålfotbreen verneområdestyre
- *Retningslinjer for møtegodtgjøring i verneområde- og nasjonalparkstyres* - Miljødirektoratet

Saksopplysningar

Styret får kvart år eit driftsbudsjett for verneområdestyre. Tildelinga går til Fylkesmannen og vert knytt opp mot styret sitt eige «prosjektnummer» der. Tildelinga baserer seg på eit driftsbudsjett som styret set opp og sender som ein søknad til Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter.

Budsjettet skal dekke:

- Møtegodtgjerdse i samband med styremøte og andre møte eller oppdrag.
- Reisegodtgjerdse i samband med styrevervet.
- Tapt arbeidsforteneste i samband med møter, konferansar eller anna aktivitet der styremedlemmer må ta fri frå arbeid.
- Kostnader til lokale og servering i samband med møta.
- Kompetanseprogram og liknande.
- Eventuelle innkjøp av kle eller andre effektar til styret.

I 2020 har Ålfotbreen verneområdestyre hatt eit driftsbudsjett på 120.000. Det har vore litt knapt.

Storleiken på budsjettet hang naturleg nok saman med den aktiviteten som styret planlegg å ha i 2021. Det er derfor ein del ting styret bør ta stilling til, som verkar direkte inn på budsjettet.

Kor mange styremøte skal styret ha?

I vedtektene (ligg vedlagt) står det at styret bør tre saman minst fire gonger i året. Det bør derfor vere eit minimum. Mange styre har fleire møte enn det, men det gjeld som regel styre og verneområde kor saksmengda er vesentleg større enn i Ålfotbreen. Erfaringane til no tilseier at det er nok med fire møte i året, og i enkelte år er det faktisk i overkant.

Skal styremøta vere fysiske eller elektroniske?

Der er sjølvsagt litt å spare på om nokre av møta vert gjennomført som videomøte.

Skal styret ha synfaringar eller studieturar?

Det må i so fall takast høgde for i budsjettet.

Nasjonalparkkonferanse

Nasjonalparkkonferansen 2021 vert truleg arrangert 16.-17.februar. Det har nett kome melding om at denne i so fall vert arrangert som webinar, grunna uvisse rundt pandemien og smittesituasjonen.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	25/20	01.12.2020

Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler for 2021

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 01.12.2020

Vedtak

Styret sette opp denne prioriterte lista over tiltak og behov for tiltaksmidler.

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)
1	Bokprosjekt	Felles praktbok for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal	120 000
2	Infoskilt Straumsneskrysset	Sette opp informasjonsskilt med plakat ved krysset der man kører inn i Nordalsfjorden.	50 000
3	Turskilt	Sette opp nye skilt, og erstatte gamle og øydelagde skilt, langs stiar og vegar	20 000
4	Ny wire i Sælebotskora	Vi vart ikkje heilt ferdig med utbetring av ruta frå Mettenes og oppover mot Gullsmedhytta og Skjerdingane. Her er behov for om lag 20 m med wire til å halde seg i heilt i starten av Sælebotskora	15 000
5	Tilrettelegging Førdedalen	Montere gapahuk. Kjøpe inn og sette opp utedo	75 000
6	Bru ved Skarvevatnet	Frakte opp og montere bru ved Skarvevatnet	50 000
7	Tilrettelegging av startpunkt/innfallsport Grøndalen	Rastebord, grill, gruse parkeringsplass?	100 000
8	Utbetring av veg til parkeringsplass i innfallsport Hope	Ny grus opå delar av strekninga slik at tilkomsten til den øverste offentleg tilgjengelege parkeringsplassen vert betre, særleg for mindre bilart	30 000
Sum			460 000

Lista vert sendt til Miljødirektoratet som søknad om tiltaksmidler for 2021. Forvaltar vil skrive meir utfyllande om dei enkelte tiltaka i søknaden.

Styret sette opp liste over ønska SNO-ressursar i 2021. Ønska er (i prioritert rekkefølge):

1. Deltaking på styremøta i verneområdestyret
2. Bidra i planlegging av tilretteleggingstiltak
3. Følgje opp arbeid med tilretteleggingstiltak
4. Kontrollere dispensasjonar og vedtak som er gjevne av styret
5. Delta på møte rådgjevande utval og andre møter

Lista vert sendt til Statens naturoppsyn som ein del av bestillingsdialogen.

Saksutgreiing

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2021. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtelsesplan . Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tiltkot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt. Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)	Samarbeids- aktørar	Merknad
Tilrettelegging Førdedalen	Montere gapahuk. Kjøpe inn og sette opp utedo	75000	Førde grunneigarlag	Avhengig av avtale med grunneigarlaget
Infoskilt Straumsneskrysset	Sette opp informasjonsskilt med plakat ved krysset der man køyrer inn i Nordalsfjorden.	80000		Avhengig av løyve frå vegeigar. Bruke same plakat som er sett opp på Lote og Stårheim. Treng truleg ikkje portalskilt.
Bru ved Skarvevatnet	Frakte opp og montere bru ved Skarvevatnet	50000	Grunneigar	fullføring av tiltak frå i fjor
Turskilt	Sette opp nye skilt, og erstatte gamle og øydelaagde skilt, langs stiar og vegar	10000	turlag, grunneigarlag	Årleg sum, jamleg behov
Ny wire i Sælebotskora	Vi vart ikkje heilt ferdig med utbetring av ruta frå Mettenes og oppover mot Gullsmedhytta og Skjerdingane. Her er behov for om lag 20 m med wire til å halde seg i heilt i starten av Sælebotskora	15000	Grunneigar	fullføring av tiltak frå i fjor
Tilrettelegging av startpunkt/innfallspont Grøndalen?	Rastebord, grill, gruse parkeringsplass?	100000	Grunneigar, tjenestekjøp	Har tidlegare kome innspel frå grunneigar Leidulv Solvang om dette.
Bokprosjekt?	Felles praktbok for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal	120000	forfattar Arve Sandal, Skald forlag	Krev samarbeid og tilslutning frå Naustdal- Gjengedal vo-styre
Sum			450000	

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.